




Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030
0030 OSLO



Dykkar ref.: 2006/03495 KU/KU3 IE:kdp Vår ref.: 200602883-6/TOW/000

Dato: 14.07.2006

ENDRINGAR I FORSKRIFT OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Vi viser til høyringsbrev frå Kultur- og kyrkjedepartementet datert 18. april 2006. Brevet har vore på intern høyring ved Universitetet i Tromsø.

Viss dei føreslåtte endringane blir gjennomførte, vil det gi Språkrådet rett til å føre tilsyn saman med Kultur- og kyrkjedepartementet, og begge organ skal kunne be om rapportar og opplysningar frå kvart einskild statsorgan. I tillegg vil sentrale statsorgan måtte fastsetje ein intern instruks om korleis vekslinga mellom målformene skal gå for seg, inkludert rutinar for registrering av målform. Spesifisert og kvalitetssikra rapport som viser prosentvis fordeling mellom bruk av målformene skal vere klar innan 31. januar kvart år.

Dei endringane det er gjort framlegg om, tek utgangspunkt i at det vil gjere det lettare å følgje mållova gjennom auka rapportering, betre rutinar og meir kontroll. Dette kan vise seg å vere riktig. Men Universitetet i Tromsø ønskjer også at Kultur- og kyrkjedepartementet og Språkrådet i tillegg innfører andre positive tiltak som kan gjere det lettare for statsorgana å oppfylle krava i mållova.

Sjølv om det er kvart einskild statsorgan som har ansvar for å utarbeide rutinar og tiltak for å følgje mållova, hadde det vore gunstig om det også var visse incitament som blei sett i verk på høgare nivå.

Dette kunne for eksempel vere:

- Ekstratilskot i form av pengar til det statsorganet som hadde forbetra seg mest sidan førre år
- Årleg pott statsorgana kan søkje på for å få midlar til spesielle tiltak knytt til mållova
- Tilskot til høgare lærestader som vil utvikle kurs i nynorsk som gir utteljing i studiepoeng
- Handbok utarbeidd av Språkrådet med tips om enkle, effektive tiltak

Språkrådet vil opprette ei ny konsulentteneste knytt til mållova, noko som vil vere ei god støtte for statsorgana i det vidare arbeidet.

Vi vil også nytte høvet til å peike på eit par moment som gjer det særskild utfordrande for Universitetet i Tromsø å kome på eit høgt nok omfang av nynorsk jamfør krava i mållova.

§2 i forskrift om målbruk i offentleg teneste slår fast at plikta til å nytte begge målformer berre gjeld for utanlandske statsborgarar dersom dei har norsk vidaregåande utdanning med

UNIVERSITETSDIREKTØREN

Informasjonsavdelinga

Universitetet i Tromsø, N-9037 Tromsø, tlf. e-post postmottak@uit.no vev www.uit.no
nestleiar, Torgunn Wærås, tlf 77 64 49 84, faks 77 64 64 00, e-post torgunnw@adm.uit.no

sidemålsopplæring eller universitets- eller høgskoleutdanning i norsk eller tilsvarende opplæring i norsk.

Universitetet i Tromsø har ein stor del utanlandske tilsette. Om lag 20 % av alle tilsette kjem frå land utanfor Noreg. Så langt vi veit, kan ikkje nokon andre institusjonar i vår sektor vise til tilsvarende høg del tilsette frå utlandet. Vi har ein internasjonal arbeidsplass, noko me set stor pris på og har god nytte av fagleg og sosialt. Men i lys av mållova er dette ei ekstra utfordring.


For det andre er Universitetet i Tromsø pålagt eit nasjonalt ansvar med omsyn til forskning, utdanning og formidling om tema knytt til samar og andre urfolk. Universitetet er og omfatta av spesielle krav til bruk av samisk språk jf. samelova sine paragrafar om kunngjeringar frå offentlege organ som særleg rettar seg mot heile eller delar av befolkninga i det samiske forvaltingsområdet. Universitetet ligg i det nordsamiske området og blir rekna for å vere universitetet for Sápmi. Jf. Samisk strategiplan for Universitetet i Tromsø for 2000 – 2010 har vi også eiga plikt til å styrkje samisk språk ved institusjonen.


Sjølv om mållova og ansvaret for samiske språk er to ulike område, er det eit faktum at begge delar krev ekstra ressursar i form av arbeidsinnsats og pengar. Vi ber Språkrådet og departementa om å ha forståing for dei særlege forholda som gjer seg gjeldande for Universitetet i Tromsø når det gjeld språk og målbruk.

Universitetet i Tromsø registrerer at dei føreslåtte endringane vil gi skjerpa kontroll av statsorgana med omsyn til å følgje lov om målbruk i offentlig teneste. Auka rapportering og større krav til rutinar vil gje auka byråkrati. Vi forventar at institusjonane får tilført ressursar til å kunne oppfylle dei nye krava som er tilrådd tatt inn i forskrifta om målbruk.

Universitetet i Tromsø vil gjere sitt beste for å oppfylle krava i mållova. Vi viser her til tiltaksplanen som allereie er sendt til Språkrådet og som vi har fått positive tilbakemeldingar på.

Med vennleg helsing


Lasse Lønnum
universitetsdirektør


for Karen Marie B. Christensen
informasjonsdirektør